



Vest-Telemarkrådet

ÅRSMELDING 2020

Til handsaming i

Vest-Telemarkrådet 16. mars 2021

Vest-Telemarktinget 20. april 2021

Kviteseid, 16. mars 2021

Jarand Felland

Halvor Homme

Beate Marie Dahl Eide

Erik Skjervagøn

Jon Rikard Kleven

Bjørn Nordskog

Anne Aasmundtveit

Innleiing

Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Samarbeidet vart etablert i 1993, og er organisert som interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27 som eige rettssubjekt.

Rekneskapsåret 2020

Interkommunale samarbeid etter § 27 i kommuneloven og som er eige rettssubjekt fører særrekneskap. Særrekneskap blir avlagt etter kommunale rekneskapsprinsipp i samsvar med forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap.

Rekneskapsfører: Fyresdal kommune
Revisor: Vestfold og Telemark revisjon IKS

Økonomi

Rekneskapen for 2020 syner eit netto driftsresultat på kr 1 728 411.

Inntektene var på kr 8 321 703, kr 1,2 mill. meir enn i justert budsjett som var på kr 7 142 000. Meirinntekta kjem i hovudsak frå statleg tilskot på kr 1 mill. til aktivitet i velferdsteknologiprojektet for å motverke einsemd i regionen.

Når det gjeld driftsutgifter er det totalt eit mindreforbruk på kr 1 384 000. Det er eit mindreforbruk på lønsutgifter inkl sosiale kostnader på kr 674 000 som m.a. kan nyttast opp mot ubesatt stilling som digitaliseringskoordinator. Det er brukt ca kr 840 000 mindre enn budsjettet på kjøp av varer og tenester. Noko av dette skuldast koronasituasjonen og påfølgande smittevernreglar som resulterte i mindre aktivitet på enkelte område, t.d. mindre utgifter til kurs og reiser. Fleire tiltak i digitaliseringsprosjektet vart ikkje gjennomført som planlagt, og midlar til yrkesmessa på Dalen, myndigheitsutøving og næringskalender vart ikkje nytta. Avviket på kr 130 000 mellom det totale mindreforbruket og mindreforbruket på løn og kjøp av varer og tenester, skuldast eit rekneskapsmessig meirforbruk på overføring/refusjonar til andre/kommunane.

Ved utgangen av 2020 har disposisjonsfondet styrka seg, arbeidskapitalen vil no vera på kr 6,7 mill. I desse kr 6,7 mill. ligg følgjande unytta fondsmidlar: 1) kr 400 000 til velferdsteknologiprojektet, 2) kr 100 000 til klimaplanarbeidet, 3) kr 80 000 til småbruksprosjektet.

Bruk av skjønnsmidlar i 2020 – kr 1 610 000

- Digitalisering
- Velferdsteknologi
- Barnevern - nettverksamarbeid mellom 11 kommunar

Leiinga

I tingmøtet 10. desember 2019 vart ordførar i Tokke Jarand Felland vald til regionordførar og ordførar i Nissedal Halvor Homme vart vald til regionvaraordførar for perioden 2020/2021.

Ordførarar og medlemmer i Vest-Telemarkrådet:

Kommune	2015-2019	2019-2023
Vinje	Jon Rikard Kleven	Jon Rikard Kleven
Tokke	Jarand Felland	Jarand Felland
Fyresdal	Erik Skjervagen	Erik Skjervagen
Nissedal	Halvor Homme	Halvor Homme
Kviteseid	Tarjei Gjelstad	Bjørn Nordskog
Seljord	Halfdan Haugan	Beate Marie Dahl Eide

I 2020 var det fire tilsette:

- Anne Aasmundtveit er tilsett som regionrådsleiar.
- Johannes Rindal er tilsett som utviklingsleiar
- Anne Guro Hommo er tilsett som prosjektleiar i eit 2-årig prosjekt om velferdsteknologi
- Kyrre Einar Hegg var tilsett som digitaliseringskoordinator fram til 1. juli 2020.

Etisk standard, likestilling og diskriminering

Dei etiske retningslinene for Vest-Telemarkrådet legg sterke føringar på korleis tilsette og folkevalde skal opptre i sitt virke for Vest-Telemarkrådet.

I 2020 var det tilsett 50/50 menn og kvinner i administrasjonen. Arbeidsmiljøet er bra og det har ikkje blitt avdekka nokon form for diskriminering. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

Styrande dokument

Følgjande dokument legg føringar for arbeidet i Vest-Telemarkrådet:

- Budsjett (årleg)
- Arbeidsprogram (to-årig)
- Delegeringsreglement
- Prosedyrar for arbeidet i Vest-Telemarkrådet (fastsett 13. mars 2013)
- Vedtekter
- Vedtekter for Telemark utviklingsfond (TUF)

Delegeringsreglementet omfattar både dei organisatoriske og økonomiske områda for Vest-Telemarkrådet.

Arbeidsprogram 2020 – 2021 vart vedteke i Vest-Telemarktinget i tingmøte 10. desember 2019.

Eigarskap, roller og styring

Tinget, som er det øvste organet, er samansett av 4 representantar frå kvar kommune:

Ordførar, varaordførar, eitt anna kommunestyremedlem og rådmannen. Det er oppnemnt personlege vararepresentantar.

Tinget har etter vedtektene følgjande ansvar:

- Godkjenning av arbeidsprogram og budsjett
- Godkjenning av årsmelding og rekneskap
- Fastsetjing av godtgjering
- Handsaming av vedtektsendringar
- Val mellom anna av regionordførar og regionvaraordførar annakvart år
- Andre saker etter vedtak i Rådet

Rådet er samansett av dei 6 ordførarane i regionen med varaordførarane som personlege vararepresentantar. Ein av ordførarane vert formelt valt som regionordførar for 2 år i gongen, eit verv som går på omgang mellom desse. Rådet har normalt 8 – 9 møte pr år inkl. 2 tingmøte, og rådmennene har møte- og talerett i rådsmøta. Rådet er tillagt følgjande ansvar:

- Dagleg drift i samarbeid med administrativ leingi
- Andre oppgåver etter vedtak

Styret i Rådet. Dei 6 ordførarane møtast med visse mellomrom som "styre" for § 27-samarbeidet. Styret handsamar saker som gjeld "drift og organisering" og gjev føringar for dagleg leiar, blant anna stillingsheimlar og økonomiske fullmakter.

Regionordførar har følgjande oppgåver:

- Leie møta i rådet og tinget
- Følgje opp gjennomføringa av vedtak gjort i Rådet og Tinget
- Inneha arbeidsgjevarfunksjonen i høve til rådsadministrasjonen

Arbeidsutvalet (AU) er samansett av regionordførar, regionvaraordførar, ein representant frå rådmannsutvalet og regionrådsleiar. Arbeidsutvalet har som ansvar å drøfte aktuelle saker og fastsette sakliste til rådsmøta.

Administrativ leingi. Dagleg leiar (regionrådsleiar) vert tilsett av Rådet. Regionrådsleiar har som oppgåve å organisere rådsmøta og gjennomføre vedtak gjort i desse. Elles gjeld styrande dokument med arbeidsprogram, budsjett, delegeringsreglement, prosedyrar og vedtekter.

Møtestadar i 2020

- Kommunestyresalen i Åmot, Vinje
- Knut Haugsjå sitt næringsbygg i Treungen, Nissedal
- Straand Hotel, Kviteseid
- Byrte grendehus, Tokke
- Tuddal høytjellshotell, Hjartdal
- Granvin kulturhus, Seljord
- Straand Hotel, Kviteseid (Tinget)

Møte i 2020

Det var til saman 55 saker oppe i Vest-Telemarkrådet i 2020, fordelt på 6 rådsmøte.

Vestfold og Telemark fylkeskommune har vore representert ved politisk leing på dei fleste rådsmøte.

Møte med Nome og Midt-Telemark Interkommunale politiske råd 4. februar 2020 i Vinje

Desse sakene vart drøfta:

- Samarbeid opp mot ny fylkeskommunen;
- PPT i vidaregåande skule
- Felles tilnærming til planarbeid
- Bygningsvernsatsing
- Lokalisering av fylkeskommunale møte
- Høyringsuttaler
- Vidaregåande skular
- Domstolstruktur
- Organisering av polititeneste i felles distrikt
- Barnevernsamarbeid
- Luftambulansebase i Vinje
- Innkjøpssamarbeid
- Klima og miljø
- Samarbeidsrutinar og neste møtepunkt

Møte med Kongsbergregionen 13. oktober 2020 i Tuddal

- Presentasjon av Kongsbergregionen
- Presentasjon av Vest-Telemarkrådet
- Notodden flyplass
- Øvre Telemark sin plass i Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Luftambulanse
- E134
- Universitetet i Sørøst-Noreg
- Sjukehus

Tingmøtet 21. april 2020 vart avlyst pga. av Covid-19. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2020 skjedde via e-post. Dette var avklart med revisor i forkant.

Planlagt møte på Stortinget med Telemarksbenken 19. mai 2020 vart omorganisert til teamsmøte pga. Covid-19. Teamsmøtet blei avlyst same dag grunna stort forfall.

Informasjon

Alle møta i Vest-Telemarkrådet er opne for ålmenta. Vest-Telemark Blad er spesielt invitert til alle møte.

Alle saksdokumenta vert lagt ut på nettsidene til Vest-Telemarkrådet før møta, slik at interesserte har høve til å sette seg inn i sakene.

Facebooksida *Vest-Telemark* hadde ved nyttår 5197 følgjarar.

Prosjekt og tiltak

Digitalisering 3-årig prosjekt 2018 - 2021

Målsettinga for felles arbeid for digitalisering var å få til ein styringsmodell for samarbeid på tenesteutvikling knytt til digitalisering. Difor vart det etablert eit digitaliseringsutval med representantar frå alle kommunane. Det er utarbeidd ein handlingsplan med konkrete prioriteringar. Utvalet skal følgje opp digitaliseringsstrategien med ein felles handlingsplan, medverke til meir samarbeid om digitalisering og sørge for betre gjennomføring av felles prosjekt og tiltak.

Det vart redusert aktivitet og gjennomføring av tiltak på handlingsplanen fordi digitaliseringskoordinatoren gjekk over i anna stilling i midten av 2020 og prosjektstillinga står fortsatt vakant.

Av konkrete tiltak knytt til prosjektet i 2020 kan ein nemne Digihjelpen. Vest-Telemarkrådet har på vegne av kommunane fått kr 155 000 gjennom støtteordninga *Digihjelpen* for å auke den digitale kompetansen til innbyggjarane i Vest-Telemark. Grunna Covid-19 har det vore krevjande å ha fysisk kurs og møte for mange deltakarar. I 2020 vart det prioritert å halde 3 kurs for frivillige rettleiarar og kommunalt tilsette, som i neste omgang skal bidra til å drifte kommunale opplæringstilbod.

Vest-Telemarkrådet bidrog økonomisk til innføring av Visma i skule og barnehage.

Innanfor helsesektoren har kommunane vedteke felles innføring av den nasjonale fellesløyninga Digihelse. Tekniske spesifikasjonar mellom Visma og Helsenorge blei innført i alle kommunane i slutten av 2020, slik at det no ligg klart til å bli tatt i bruk. På grunn av høgt arbeidspress i helsetenesta blir arbeidet med ei felles implementeringa av Digihelse med alt det inneber satt på vent i regionen.

Vest-Telemarkrådet løyvde kr 125 000 til deltaking og medfinansiering av DigiTV (Digitale Telemark og Vestfold) som er eit 1-årig forprosjekt, sept. 2020 – sept. 2021, på tvers av kommunane i det nye fylket. Prosjektets formål er å etablere eit strategisk og operativt samarbeid innan digitalisering og tenesteutvikling for heile regionen.

DigiTV skal vera eit klyngenettverk der det skal samarbeidast om utviklinga av digitale innbyggjartenester, dele kompetanse og erfaring, og bidra til at nasjonale løysingar blir spreidd og tatt i bruk ute i kommunane.

Velferdsteknologi 2-årig prosjekt 2019 - 2021

I møtet 12. februar 2019 vedtok Vest-Telemarkrådet å satse på innføring av velferdsteknologi som eit 2-årig prosjekt, med prosjektleiar tilsett i Vest-Telemarkrådet. Rapporten frå forprosjektet «Velferdsteknologi i Vest-Telemark» dannar grunnlaget for hovudprosjektet, og samhandlingskoordinator i Vest-Telemark og Sykehuset Telemark er prosjektansvarleg.

Målsettinga med hovudprosjektet er at velferdsteknologi blir ein integrert del av tenestilbodet i alle kommunane i Vest-Telemark. Dette inneber i praksis at tenestekontora i Vest-Telemark skal ha tilgang på velferdsteknologi, kartleggingsverktøy og retningslinjer for tildeling av velferdsteknologi, slik at velferdsteknologi blir vurdert og tildelt innbyggjarane på lik linje med ordinære pleie- og omsorgstenester.

I 2020 blei det utarbeida felles kartleggingssskjema, kriteria for tildeling av velferdsteknologi og vedtaksmal saman med representantar frå tenestekontora i kvar kommune. Risiko- og sårbarhetsanalyse av den prioriterte velferdsteknologien blei gjort i ein regional arbeidsgruppe

Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet, som blant anna støttar kommunane med økonomiske midlar, har ei tilråding om å kartleggje gevinstar ved innføring av velferdsteknologi. Alle kommunane har gjort ei «nullpunktsmåling» i heimetenesta med tanke på aktivitetar som ansikt-til-ansikt tid, køyretid og inetid (journalføring, rapport, medikamenthandtering og liknande.). Dette nullpunktet, saman med nye målingar etter innføring av velferdsteknologi, gjev prosjektet grunnlag for å vurdere gevinstar ved bruk av velferdsteknologi.

Hausten 2020 søkte prosjektet om midlar frå Helsedirektoratet til å kjøpe inn nettbrett til heimebuande og personar på institusjon i Vest-Telemark. Nettbretta skal brukast til videokommunikasjon med vener og familie for å motverke einsemd. Prosjektet fekk 1 million i støtte frå Statsforvaltaren, og ytterlegare tilsegn på kr 600 000 til dette arbeidet.

Hausten 2020 blei det bestemt at kvar einskild kommune skulle arbeide vidare med rutinar, gevinstkartlegging, og vurdering av personvernkonsekvensar knytt til konkret velferdsteknologi. Dette arbeidet blir gjort i kommunale arbeidsgrupper med regional prosjektleiar til stades resten av prosjektperioden. Arbeidet frå desse kommunale arbeidsgruppene blir delt på felles Teams-kanal mellom kommunane.

Samferdsel

Saman med Midt-Telemark Interkommunale politiske råd møtte Vest-Telemarkrådet fylkeskommunen til eit administrativt innspelsmøte om Nasjonal Transportplan den 18. februar 2020.

Vest-Telemarkrådet vedtok i mars høyringsuttale til den fylkeskommunale handsaminga av innspel til ny Nasjonal Transportplan. Her vart nye Haukelitunnelar prioritert høgast. I tillegg la rådet vekt på fylkesvegane, mindre prosjekt på E134 og rv. 41 og utviklinga av jernbanetilbodet på Sørlandsbanen.

På vegne av kommunane langs rv. 41 koordinerte Vest-Telemarkrådet eit kontaktmøte med Statens Vegvesen den 9. mars og 24. juni 2020. Det var semje om å be Statens Vegvesen utarbeide eit oppdatert grunnlagsdokument for rv. 41.

Utvikling av fylkesvegane i Vest-Telemark har vore i fokus gjennom heile 2020. I rådsmøtet i februar gjorde Vest-Telemarkrådet eit tydeleg vedtak med forventningar om betre uttelling for vår region, og ein betre prosess kring rulleringa av handlingsprogrammet for fylkesvegar. I novembermøtet diskuterte rådet på ny strategien for å sikre vegmidlar til Vest-Telemark. I fylkesbudsjettet for 2021 vedtok fylkestinget 20 millionar til fv. 355.

Besøk av samferdselsminister Knut Arild Hareide 18. september.

Det var møte med samferdselsminister Knut Arild Hareide på Straand Hotel 18. september 2020 i samband med besøk til Nissedal Krf sitt 75 årsjubileum. Hovudtema var rv. 41 og oppdatert grunnlagsdokument, men E134 Haukeli og fylkesvegvar vart og presentert.

Vegkonferanse Notodden

I eit samarbeid mellom E134 Haukelivegen AS, Vest-Telemarkrådet, Kongsbergregionen og Vegforum ØstVest vart det arrangert vegkonferanse om E134 på Bok- og Blueshuset den 23. oktober 2020.

Felles klimaplan for Vest-Telemark

I tingmøtet av 30. april 2019 var klima tema for debatt, og i den påfølgjande drøftinga kom det innspel om at kommunane i Vest-Telemark bør gå saman om ein felles klimaplan. Det vart nedsett ei arbeidsgruppe med 1 -2 representant(ar) frå kvar kommune, med regionrådsleiar som prosjektansvarleg og rådmannsutvalet som styringsgruppe. Følgjande tema er sett som satsingsområde: Jordbruk, Skogbruk, Sirkulærøkonomi og Avfall, ENØK, Kommunale innkjøp og Transport.

Organisering av skriveprosess

- Innleige av skrivehjelp med tilsetting i Vest-Telemarkrådet
 - Audun Aasmundtveit, miljø- og viltrådgevar i Kviteseid kommune
 - Silje Hegg, sosialantropolog og bygdefrilanser
- Arbeidsgruppa blir med vidare i arbeidet som referansegruppe
- Torunn Raftevoll Rue vart vald på arbeidsmøtet 2. juli 2020 til leiar av referansegruppa
- Vest-Telemarkrådet ved Anne Aasmundtveit stiller som sekretariat i arbeidet

Samarbeid med næringskollegiet i Vest-Telemark

Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet fungerer som sekretariat og samarbeidspartnar for næringskollegiet. Næringskollegiet har 4-5 møte i året der felles tiltak, tema og prosjekt blir drøfta. Her kan nemnast reiselivsstrategi, stillingsslepp og felles arrangementskalender.

Vest-Telemarkrådet finansierte ei undersøking for næringslivet for å kartlegge konsekvensane av Covid-19. Denne blei utarbeidd av Telemark Næringshage. Undersøkinga blei godt motteken, og brukt som døme på korleis ein kan få kunnskap og gjere kompensasjonsordningane best mogleg.

Stillingsslepp

Samla slepp og marknadsføring av ledige stillingar i Vest-Telemark vart gjennomført 3. april og 25. august 2020. Målet er å synleggjere breidda i arbeidsmarknaden i regionen, og bidra til fleire tilflyttarar. Om lag 70 stillingar vart lyst ut i 2020. Stillingane blir marknadsført i aviser og gjennom målretta annonsering på sosiale media.

Start Opp (Etablerartenesta)

Start Opp i Vest-Telemark blir etter anbod levert av Telemark Næringshage. Start Opp skal vera eit lågterskeltilbod for folk som ynskjer å starte eiga bedrift.

Etablerartenesta vert lagt ut på nytt anbod hausten 2020 med m.a.

følgjande innhald:

- ei ramme på inntil 250 rådgjevingstimar per år
- kontaktmøte/samarbeid med næringssejefane
- marknadsføre Start Opp
- koordinering av samordningsaktivitetar

Vest-Telemarkkonferansen

Den årlege Vest-Telemarkkonferansen vart arrangert 5.februar 2020. Årets tema var klima og grøn omstilling. Hovudinnleiar var Beate Nossum, leiar av PR-byrået Footprint. Konferansen samla om lag 150 deltakarar.

Gjeldande arbeidsprogram 2020 – 2021

Nytt og redigert arbeidsprogram for 2020 – 2021 vart vedteke i tingmøtet 10. desember 2019. Det var gjort vesentlege endringar som speglar alle arbeidsområda og visjonen til Vest-Telemarkrådet.

Bygningsvernsatsing

Vest-Telemarkrådet støtta opp om bygningsvernsatsing i tilknytning til Vest-Telemark Museum med kr 200 000 i 2020 og løyvde kr 250 000 i budsjettet for 2021 til føremålet.

Oppstart av eit prosjekt om haldningsendring

Med bakgrunn i at Vest-Telemark har hatt jamlege dødsulykker der unge er involvert, tok lensmann Sigrid Dahl initiativ til at Vest-Telemarkrådet tar oppgåva med å jobbe heilskapleg, førebyggjande og haldningsskapande med ein handlingsplan for null skadde og omkomne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark.

Småbruksprosjekt

Vest-Telemark Næringsutvikling gjennomførte på starten av 2000-talet eit småbruksprosjekt i Vest-Telemark, Drangedal, Hjartdal og Tinn. Det er politisk engasjement for å gjennomføre eit nytt prosjekt 15 år etter, basert på erfaringane frå sist. Gjennom 2020 har ein jobba fram grunnlag og konsept for eit nytt prosjekt. TUF har løyvd kr 50 000 til forstudiedelen av prosjektet. Tingmøtet i desember 2020 vedtok korleis ein skulle utvikle prosjektet vidare. To kommunar skal vere pilotar, og ein skal byggje ut prosjektet etter kvart. I tillegg til kommunane i Vest-Telemark, er Drangedal, Hjartdal og Tinn med. I justert budsjett 2019 vart det sett av midlar til å starte opp. I fyrste fase skal ein kartlegge busetnaden på dei bruka som vart selde sist.

Høyringsuttaler

- Høyringsuttale til NOU 2020:12 Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn (Distriktsnæringsutvalget)
- Uttale til Vestfold og Telemark fylkeskommune, støtteerklæring til Nome og Midt-Telemark IPR si uttale om å oppretthalde stopp på Sørlandsbanen
- Høyringsuttale Klimakur 2030
- Høyringsuttale til fylkeskommunale innspel for Nasjonal Transportplan 2022 – 2033
- Høyringsuttale til NOU 2019:17 Domstolstruktur
- Telemark Ring – uttale
- Høyringsuttale til regional planstrategi - Å utvikle Vestfold og Telemark – Verdiskaping gjennom grønn omstilling

Orienteringar

Av orienteringar om ulike tema kan nemnast: Ungdommens distriktspanel, Vest-Telemark PPT – ein fagleg kompetent teneste, Lokalpødden, Småbruksprosjektet, Felles klimaplan, Kom til Vest-Telemark 2020, Presentasjon av Visit-Telemark, Status næringslivet i Vest-Telemark (koronarelatert), DigiTV, E-134 Haukelivegen, Prosjekt Fjell-Telemark, Vest-Telemark Barnevernsamarbeid – kjøp av advokattjenester, Haldningsendring-Ingen fleire å miste, Status velferdsteknologiprojekt

Forum og nettverk

- Nettverksmøte med Fylkesmannen og regionrådssekretærene i Telemark
- Rådmannsutvalet
- Næringskollegiet i Vest-Telemark (formalisert nettverksgruppe)
- Fjellnettverket
- Digitaliseringsutvalet
- Klima- og energinettverket, Vestfold og Telemark fylkeskommune
- Webforum
- Personvernforum
- Arkivforum
- Kommunalsjeforum helse
- Lyntogforum
- Fot i bakken, næringsutviklingsnettverk i samband med covid-19-utfordringar, i regi av Vestfold og Telemark fylkeskommune